



Personvernerklæring for Flora kommune – Barnehagar

Vi har fått ny personopplysningslov i 2018 etter **EU** si forordning (**GDPR**) som trådte i kraft 1. juli 2018.

BEHANDLINGSANSVARLEG

Flora kommune, ved rådmann, er behandlingsansvarleg for verksemda si behandling av personopplysningar og bestemmer formålet med å behandle personopplysingane. Det daglege ansvaret for oppgåvene er delegert. Det er berre oppgåvene som kan delegerast, ikkje ansvaret.

FØREMÅL OG BEHANDLINGSGRUNNLAG

Opplysningane som vert samla inn er naudsynte for at Flora kommune skal kunne tilby offentlege tenester og utføre lovpålagde oppgåver som er regulert i barnehagelova.

- Tilby barnehageplass til barn med rett til plass og som er busett i kommunen.
- Å legge til rette for individuell utforskning og læring
- Å kommunisere med barnet og føresette, også ved overgang til skule
- Å ha naudsynt informasjon om utfordringar barnet har knytt til for eksempel diagnosar, vedtak, personlege tilhøve osv for å møte barnet sitt behov så lenge barnet går i barnehagen.
- Å ha naudsynte opplysningar knytt til foreldrebetaling og ordningar med redusert betaling.
- Å rapportere til Arbeids- og velferdsetaten til bruk for kontroll, berekning og utbetaling av kontantstønad.

FAGPROGRAM

Opplysningane som vert samla inn blir lagra i barnehagane sitt fagsystem Tieto Education. Databehandlar for fagsystema er Tieto som har ansvar for utvikling og vedlikehald av fagprogrammet. Det er eigen databehandlaravtale mellom Flora kommune og Tieto.

TRYGGLEIKSTILTAK

Det er sett i verk særlege tryggleikstiltak og rutinar for å beskytte personsensitive opplysingar. Tilsette si pålogging til fagsystemet må skje gjennom tilgangskontroll. For å komme inn i fagprogrammet må tilgangen godkjennast, og alle må underskrive eit eige it-klientskjema og teieplikterklæring. Tilgangen er styrt av tenestleg behov. Den som får tilgang skal ha sikker id og blir registrert med namn, personnummer, tittel, fagutdanning, telefonnummer og adresse. Politiattest vert kravd.

OM OPPLYSINGANE



Flora kommune

Det vert lagra data både gjennom sakshandsaming og ved iverksetting av eventuelle tenester. Basisopplysingar som vert samla inn er namn, personnummer, adresse, telefonnummer og kontaktinformasjon for føresette. Det kan og vere opplysingar om interessene og preferansane til barnet, utviklinga til barnet, event opplysingar om religion. I tillegg gjeld det opplysingar om helsa til barnet, om barnet følgjer helsestasjonen sitt vaksinasjonsprogram, allergiar, særskild diett, trong for medisiner og evt trong for tilrettelegging. Opplysningane kjem frå Folkeregiseret, frå føresette eller andre offentlege instansar. Opplysningar kan bli gitt til andre partar i kommunen i dei tilfelle der det er aktuelt å utveksle informasjon (med samtykke). Fylkesmannen både hentar inn og sender informasjon ved til dømes tilsyn og klagesaker.

Bilete:

Dersom det er gitt samtykke; kvardagsbilete i samband med aktivitet i barnehagen.

Vi vil ikkje lagre opplysingane lenger, eller i større grad enn naudsynt for å oppfylle føremåla som er gitt i denne Personvernerklæringa. Unntak er om ei lengre lagringsperiode er pålagt i anna lovgjeving.

E-POST OG TELEFON

Barnehagane delar ikkje personsensitive opplysingar på e-post og tekstmeldingar, men kan ikkje hindre brukarar og pårørande å sende slik informasjon. Vi kan ikkje svare på eller vidarese slike informasjon på e-post eller tekstmelding. Vi gjer merksam på at e-post ikkje er kryptert og oppmodar om at de ikkje sender fortruleg og sensitiv informasjon på e-post eller tekstmelding.

BRUKARUNDERSØKINGAR

Flora kommune nyttar spørjeundersøkingar til brukarar og pårørande for å måle brukartilfredsheit og til kvalitetsutvikling. Føremålet med undersøkingane vert informert om på førehand. Opplysingane vert handsama anonymt og vert ikkje knytt til einskildpersonar. Det statistiske resultatet av undersøkingane er offentleg..

STATISTIKK

Opplysingar frå fagsystema kan verte nytta til offentleg statistikk både kommunalt og nasjonalt.

PERSONVERNOMBOD

Flora kommune har [eit eige personvernombod](#). Ombodet skal bidra til at vi følgjer krava i regelverk og vere bindeledd mellom deg og kommunen dersom du treng hjelp knytt til personvernrettane dine.

Du kan kontakte personvernombodet på e-post: personvernombod@flora.kommune.no.

Klage til Datatilsynet

Du kan klage til Datatilsynet viss du ikkje er nøgd med korleis vi handsamar personopplysingane dine, eller du meiner handsaminga er i strid med personvernreglane. Informasjon om korleis du går fram finn du på [nettsidene til Datatilsynet](#).



Flora kommune

Kontaktopplysingar

Flora kommune er ansvarleg for handsaminga og kan kontaktast via

E-post: postmottak@flora.kommune.no

Telefon: 57 75 60 00

Postadresse: Markegata 51, 6905 Florø